



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

Høyring - Framlegg til tiltak for å betre tilhøva til villrein i Vinje kommune sin del av Hardangervidda

Vedlegg

- 1 Framlegg til soner der ferdselen blir regulert eller innskrenka

Dokument i saka

Kommunestyresak 160/2024

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i november 2024 i sak 160/2024 at det skulle setjast ned eit Ad-hoc utval *med mandat til å kome med framlegg til soner der ferdselen blir regulert eller innskrenka, for å betre villreinens levkår på Vinje sin del av Hardangervidda.*

Saka var oppe til handsaming i plan- og miljøutvalet 30.april. Utvalet vedtok å sende saka tilbake til Ad-hoc utvalet med kommentarar til framlegget, samt at framlegget skulle sendast på høyring over sommaren. Ad-hoc utvalet hadde nytt møte 5. mai der kommentarane frå PMU blei gått gjennom. Det blei også gjort andre mindre justeringar.

Ad-hoc utvalet sender saka til ny handsaming i plan- og miljøutvalet før den blir sendt på høyring over sommaren. Høyringsfrist blir sett til 10. august. Saka kjem opp i PMU 27. august og kommunestyret 16.september.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Framlegg til tiltak for å betre tilhøva til villrein i Vinje kommune sin del av Hardangervidda blir sendt på høyring. Høyringsfrist setjast til 10. august.